

Møte i styret for Fagleg råd for PPT, Oslo 14. – 15.01.2014

Til stades:

Merete Nilsson, Guro Tendal, Anne Lium Berger, Turid Fauske, Bjørg T. Klokk, Annikken Louise Sunde, Frank Olsen (frå klokka 12.00), Aase B. Alme (ref.), Asbjørn Langås (leder).

Forfall:

Trygve Stensland (sjuk)

Møtelokale: Samfunnsviterne, Juristenes hus, Kr. Augusts gate 9.

Til dagsorden. Møtet med Udir går ut på grunn av sjukdom.

1. **Oppnemning av referent.** Aase B. Alme blir referent
2. **Formålet med Faglig råd for PP-tjenesten.** Formålet er nedfelt i vedtektene for Fagleg råd for PPT: **§1 Formål**

Faglig råd for PP-tjenesten (senere kalt Rådet) er en landsdekkende organisasjon for alle PP-tjenester i Norge.

Rådets formål er:

Skape og koordinere nasjonal og fremtidsrettet utvikling i PP-tjenesten gjennom:

- *Styrket dialog og samhandling mellom PPT og sentrale aktører innen opplæring.*
- *Søke å gi inspirasjon, utveksle erfaringer og bidra til økt kompetanse- og organisasjonsutvikling.*
- *Skape en mer enhetlig forståelse i vurdering og tilråding slik at likeverdighetsprinsippet ivaretas.*
- *Fremme god kvalitet og utvikling av profesjonsutøvelsen.*
- *Være en høringsinstans i forhold som omhandler PP-tjenesten og andre sentrale beslutningen innenfor opplæringssektoren*

Styret vil arbeide for at PPT blir ein meir synleg og tydeleg part som lokale og sentrale myndigheiter kan ha dialog med. Styret oppfattar Udir, KUD, KS, Fylkesmennene, Statped, eigarane og høgskulesektoren som sentrale myndigheiter.

Fagleg råd for PPT har sidan etableringa vore representert i møte med Udir, og i dialogmøte med fokus på lese- og skrivevanskar hos statsminister Erna Solberg.

Asbjørn Langås har bedt om møte med KS for å presentere Fagleg råd for PPT.

Statped har fått som oppdrag å etablere og drive nettverk for PPT, men gjennomføringa er ulik frå region til region. I region Midt er regionalt arbeidsutval for PPT etablert som ein del av dette oppdraget. Styret ser det som viktig at dei regionale nettverka blir etablerte. Dei regionale pp-representantane blir gitt i oppdrag å ta kontakt med Statped for etablering av nettverk og eventuelt å kalle inn til første møte.

NB! Brønnøysundregisteret stilte spørsmål ved manglande punkt om årsmøte i vedtektene. Vedtektene må omarbeidast og presiserast ved neste årsmøte.

3. Strategiarbeid og handlingsplan

Det er viktig å kome i konstruktiv dialog med dei sentrale aktørane på utdanningsfeltet. Asbjørn Langås presenterte utkast til nettverkskart som vart justert i møtet. Samhandling med Statped og UH-sektoren blir plassert på regionsnivå, dvs. dei regionale nettverka. Styret vel Asbjørn Langås, Bjørg T. Klokk og Anne Lium Berger for å ivareta samhandling med KS, KUD og Udir.

Mål for 2015: Fylkesvise nettvekt på plass. Regionale nettverk på plass

Delegatane frå dei fire regionane arbeider for å få på plass dei regionale nettverka med Statped, fylkesmennene og KS.

Kvar fylke bør ha sitt leiarutval, - 18 fylkesutvalg. Desse vel to representantar frå kvar fylke inn i det regionale arbeidsutvalget. Kvar regionalt arbeidsutvalg vel to representantar med to vara inn til styret. Det skal takast omsyn til geografisk representasjon. Det må etablerast ein kommunikasjonsstruktur som sikrar kommunikasjonen med ppt lokalt.

Milepæl/handlingsplan:

Milepæl 1: Regionale nettverk er etablerte. Ansvar: Regionrepresentantane

Milepæl 2: Nettside. Ansvar: Asbjørn. Søke etter eldsjeler i ppt som kan vere med å drifte. Kva skal ei slik nettside vere? Kva kjem frå Udir? Kva skjer ute i regionane?

Milepæl 3: Nye kvalitetskriterier for PPT. Ansvar: Asbjørn, Anne og Bjørg. Høyring ut til alle fylkesnettverk til diskusjon og innspel. Det blir forventet innspel frå dei som sit i styret. Det vil vere forventning i PPT om at Fagleg råd skal ha ei meining. Ein kan sjå for seg at kvalitetskriteria kan danne bakgrunn for KS si samhandling med kommunane.

Milepæl 4: Uttale om SEVU-PPT. Ansvar: Asbjørn, Merete, Anne og Bjørg. Styret peiker på tilbodet som er gitt til grunnskulen gjennom «Kompetanse for kvalitet». PPT opplever at midlane som har gått ut i samband med SEVU-PPT ikkje gir rom for tilsvarande satsing. Dette kan føre til at skulane går forbi PPT i forhold til kompetanseutvikling. Styret ønskjer også å få med breidda av erfaring med det som har vore tilbydd så langt. Det blir oppfordra til å samle

erfaring frå fylkesnettverka og formidle til styret. «Ekspertutvalet» har fått i oppdrag å evaluere SEVU-PPT. Rapporten kan bli styrande for kva som blir tilbydd vidare.

Milepæl 5: Årsmøte og konferanse 2016. Ansvar: Frank, Annikken, Turid, Trygve. Eksempel på tema: Fokus på inkludering i Kristiansand kommune, - FLIK, forskningsbasert læringsmiljøutvikling i Kristiansand kommune. Erfaringar frå Essunga. Frank undersøker med hotell på Gardermoen. Annikken og Turid arbeider med faglig innhald.

Milepæl 6: Opprette kontakt med KD. Ansvar: Asbjørn, Bjørg, Anne.

4. Konstituering av styret

Styret si oppgåve er å skape den aktiviteten som oppfyller formålet til organisasjonen.

Leiar: Asbjørn Langås, Sør-Øst

Kasserar: Merete Nilsson Kleveland, Midt

Sekretær: Guro Tendal, Sør-Øst

Nestleiar: Anne Lium Berger, Nord

Informasjonsansvarleg: leiar og nestleiar

Styremedlemmar: Asbjørn Knapstad og Bjørg Klokk, Vest, - Annikken Louise Sunde og Turid Fauske, Sør-Øst, Aase B. Alme, Midt, Frank Olsen, Nord

Konto oppretta i Handelsbanken . Både leiar og sekretær må signere ved utbetaling. Sekretæren må ha orden og oversikt over dokumentasjonen som følgjer arbeidet, og blir sentral i forhold til årsmelding.

Styret må arbeide vidare med å operasjonalisere forventningane til rollene i styret.

5. Møteplan for Fagleg råd for PPT

2015:

- 14. – 15.01.
- 11. – 12.05. (10:00 – 17:00 og 09:00 – 15:00)
- 25.09. (09:00 – 15:00) på Gardermoen (23. – 24. september er Statped's lederkonferanse for PPT)

2016:

- 14. – 15. 01
- 25. – 26. 05
- 12. 09. frå klokka 12:00,- konferanse og årsmøte: 13. og 14.

Merete Nilsson bookar møterom hos Samfunnsviterne.

Fagleg råd bør markere seg på konferansar m.m. Asbjørn Langås sender ut PDF av div materiell. Bestille lokalt og sende rekning.

6. Økonomi

Inntekter: Inntekter frå konferansen. Inn kr.186 455,-. Har ikkje fått inn tilskott frå KS på 53 000,- . Totalt: På driftskonto i Handelsbanken. Utbetaling må godkjennast av både Leiar og kasserar.

Kontingent: Kontorvis medlemskap,- kr. 1000,- pr. kontor. Innkrevjinga må følgjast av informasjonsskriv.

Kasserar set opp forslag til budsjett og forslag til brev som følgjer kontingentfaktura.

7. Kommunikasjonsstrategi

Fortsette med utsending av «nyhetsbrevet», der alle i styret blir oppfordra til å bidra med stoff. Ca. 4 g pr. år. Neste «nyhetsbrev» har med informasjon frå styremøtet. «Nyhetsbrevet» vil bli brukt til å oppfordre tilsette i PPT til å synleggjere tenesten gjennom publisering i media. Gjerne publisere via Fagleg råd, eks. kronikkar/lesarinnlegg i aviser m.m. Frank tar på seg å skrive på vegne av Faglig råd.

Kyrkje-, forskings- og utdanningskomiteen er sentral for vårt arbeid. Representantar kan bli inviterte til neste konferanse.

Bjørg tar kontakt med FUG og FUB som representerer brukarane av PPT.

8. Møte med Statped og Udir

Møte med Statped Sør-Øst skal ha hovedfokus på å presentere Faglig råd og dei regionale nettverka som ein arena der Statped kan drive sine oppdrag innanfor nettverk. Fagleg råd kan brukast for å ha kommunikasjon mellom Statped og PPT. Styret ser eit særleg behov for at Statped kan tilby spisskompetanse på språkvanskar, minoritetsspråklege og ASK. Styret viser til at innhald i og utforming av samarbeidsavtalen mellom Statped og kommunen/fylkeskommunen/PPT er viktig.

Referent: Aase B. Alme